

Mandat for Forskingsetisk utval ved Høgskulen på Vestlandet

Vedteke av Høgskulestyret 12.06.2025 (33/25-B). Sak: 19/09203-9. Erstattar *Reglement for Forskingsetisk utval ved HVL* vedteke av Høgskulestyret 10.03.2021 (Sak:19/09203-7).

Ansvarsområde og oppgåver

Forskingsetisk utval (FEU, «utvalet») er Høgskulen på Vestlandet (HVL) sitt *redelighetsutvalg*, etter forskningsetikklova¹ § 6 andre ledd. Utvalet er fagleg uavhengig etter forskningsetikklova § 3, og kan ikkje instruerast.

Utvalet tek stilling til innmeldte saker om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer, som involverer personar som har eller har hatt tilknytning til HVL. Alle (personar og einingar) – interne og eksterne – har rett til å melde inn saker.

Utvalet kan velje å handsame saker på eige initiativ og kan etterprøve fakulteta si saksutgreiing og avgjerd, når saker har vore behandla på fakultetsnivå. Når utvalet vel å behandle ei sak, skal utvalet gje ei skriftleg uttale i saka.

Ved uttale i saker om moglege brot på forskningsetiske normer skal det alltid takast stilling til følgjande:

- a. Om forskaren har handla vitskapleg ureieleg eller ikkje
- b. Om det føreligg systemfeil ved institusjonen
- c. Om det vitskapelege arbeidet bør korrigerast eller trekkjast tilbake

Med vitskapleg ureieleg framferd meinast forfalsking, fabrikkering, plagiering og andre alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer som er utført med forsett eller grovt aktlaust i planlegging, gjennomføring eller rapportering av forskning, jf. forskningsetikklova § 8.

Sakshandsaminga skal følgje gjeldande retningslinjer for handsaming av saker om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer *ved Høgskulen på Vestlandet*.

Utvalet vil gjennom behandling av enkeltsaker, bidra til å ivareta HVL sitt ansvar for å sikre at forskinga ved institusjonen skjer i tråd med anerkjende forskningsetiske normer.

Samansetning og møteverksemd

Høgskulestyret oppnemner medlemmer og varamedlemmer til utvalet. Rektor har fullmakt til å supplere utvalet ved behov, dersom nokon sluttar før funksjonstida er over. Funksjonstida for medlemmer i utvalet er fire år, men to år for ph.d. kandidatar. Medlemmer kan oppnemnast på nytt for ny utvalsperiode, inntil tre periodar samanhengande.

Samansetninga av medlemmer i FEU skal reflektere breidda i forskinga ved HVL, og sikre at utvalet innehar naudsynt kompetanse innan forskning, forskningsetikk og jus, i tråd med

¹ Lov om organisering av forskningsetisk arbeid <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-04-28-23>

forskingsetikklova § 6 andre ledd. Ein skal sikre omsyn til kjønnsbalanse i tråd med likestillings- og diskrimineringslova § 28² og så langt som råd ivareta omsyn til fagbakgrunn og kontinuitet.

FEU skal vere samansett av totalt åtte medlemmer: leiar (ekstern) og nestleiar (prorektor for forskning), tre vitskaplege tilsette (ein frå kvart fakultet), to eksterne medlemmer og ein ph.d. kandidat. Det skal vere tre varamedlemmer frå vitskapleg tilsette og eitt varamedlem frå ph.d. gruppa. Varamedlemmene er nummererte og får særskild innkalling ved forfall frå eit medlem. Utvalet er vedtaksdyktig når fem av åtte medlemmer er til stades. Vedtak vert avgjort ved fleirtal. Leiar har dobbeltstemme. Eventuell dissens skal dokumenterast i utvalet si uttaling i saker.

Ved behov kan utvalet utpeike (eksterne) sakkunnige, for utgreiing av saker av særskild karakter.

Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon (AFII) er sekretariat for utvalet.

Årleg møteplan med oversikt over møtedatoar for året, vert lagt fram for utvalet på det første møtet i året. Utvalet kan setje opp ekstra møte ad hoc, dersom det er behov for dette.

Rapportering

Utvalet skal utarbeide årleg rapport om verksemda til utvalet, som skal leggjast fram for Høgskulestyret.

² <https://lovdata.no/lov/2017-06-16-51/§28>